



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan11
3022 Drammen
e-post: buskerud@naturvernforbundet.no
Tlf: 99604555

New Jersey 19.10.23

Rollag kommune
postmottak@rollag.kommune.no

Klage på vedtak - reguleringsplan Killigdalen Nord ID 2021002

Naturvernforbundet i Buskerud (NiB) vil klage på vedtaket om reguleringsplan for Killigdalen Nord. Godkjent av kommunestyret i Rollag den 07.09.2023 i sak 52/2023

Villrein

NiB meiner at bygging av fleire hytter i området vil vera negativt for ein allereie sterkt pressa villreinstamme. Villreinstamma på Hardangervidda er i dårlig stand. Det er arbeid i gang med ein tiltaksplan for villrein på Hardangervidda for å sikre at me har ein livskarftig villreinstamme på Hardangervidda i framtida. Fleire hytter, tett opptil nasjonalparken vil vera ein negativ faktor for villreinen. NiB meiner at Villreinnemda er for optimistiske når dei hevdar at ein sti og løypeplan skal fjerne problematikken. Nye hytter vil auke ferdselen inn i leveområdet til villreinen og føre til meir uro for villreinen. Samla belastning for villreinen på hardangervidda er allereie for stor. Ei utbygging vil også bidra til å påverke trekkorridoren til Blefjell villreinområde negativt. Anders Mossing og karina Gjerde fra Villreinsenter Sør skreiv i ein rapport fra juni 2023 at Killingskardet er ein trang trekkorridor med en rekke utfordringer for villreinen. Ei utbygging vil forsterke dette problemet.

Utslepp

I planbeskrivelsen står det at alle einingar vil koble seg på Vegglifjell Vann- og Avløpssekskap AS (VEVAS) sitt felles vann- og avløpsanlegg (Vegglifjell avløpsrensseanlegg). VEVAS hadde alvorlige avvik frå krav i forureiningsføresegnene og utsleppstillatelsen i rapporteringsåret 2021. Det var alvorlige avvik i form av mangelfull prøvetaking, og utslepp av for mykje nitrogen og fosfor. Nye hytter kan ikkje byggast før dette er i orden.

Bratt terreng

NiB viser til ny hytteveileder H2528 og vil hevde at store deler av området erfor bratt til å egne segtilhyttebygging.

I hytteveilederen H2528 går det fram at terreng som er brattare enn 1:3 generelt ikke er eigna for utbygging. I terreng med hellingsgrad mellom 1:3 og 1:6 er det viktig at bygningsmasse og infrastruktur blir tilpassa terrenget. Deler av planområdet er brattere enn 1:4. Disse områdene er planlagt tilrettelagt for hytter og atkomstvegen til hyttene vil slik vi kan se ligge delvis på disse bratte arealene. Det vli føre til stygge skjeringar og hyttene vil ligge eksponert og vera skjemmande i terrenget. Desse tomtene må ut av planen dersom den blir realisert.

Myr

NiB viser til “Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027”

Den peiker på problemet med nedbygging av karbonrike områder som myr. Myr har også mange andre eigenskapar. Den reinsar vatn, er ein god flomdempar, er levestad for mange artar og ein stad for berplukking og friluftsliv. Staten bruker 60 mill på naturrrestaurering i 2023.

Mykje av dette går til restaurering av myr. Det er meir effektivt å unngå å ødelegge natur.

Det er ein del myr i området. Det vil vera vanskelig å bygge her utan å øydelegge myr.

Sjølv om ein prøver å unngå plassering av hytter på myr vil vegar og anna infrastruktur skjere over myr.

Naturvernforbundet håper at klaga blir tatt til følge og at vedtaket blir gjort om.

Venleg helsing Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal.

Kopi: Statsforvaltaren i Oslo og Viken.